



Frå avslutningsmiddagen på Oska sist søndag.

**At Ola Matti Mathisen skal trekkja seg tilbake som redaktør for uskedalen.no, har også vorte lagt merke til internasjonalt. Den lokal-lokale nettsida har også mange lesarar i andre land. Frå Christa und Lothar Hannuschka i Dortmund har vi motteke følgjande helsing med tittel Redaktionsabschied von Ola Matti Mathisen:**

- Auf wir möchten uns auf diesem Weg bei Herrn Ola Matti Mathisen bedanken . Er hat uns ganzjährig über die Neuheiten in unserem Urlaubsort Uskedal informiert, auch hat er immer über die deutschen Touristen eine Story geschrieben.

Wir freuen uns auf unseren diesjährigen Aufenthalt in Uskedal und auf die kulturellen Veranstaltungen.

Mit freundlichen Grüßen aus Dortmund  
**Christa und Lothar Hannuschka**

Etter å ha rota i tyskkunnskapar som har fått vore passive i 44 år, er underteikna komen fram til følgjande norske oversetjing:

- På denne måten ønskjer vi å takka herr Ola Matti Mathisen . Han informerte oss heile året om nytt frå vårt ferieparadis i Uskedalen. Han har også alltid skrive ei historie om dei tyske turistane.

Vi ser fram til årets opphald i Uskedalen, og til kulturarrangement i samband med det.

Med vennlege helsingar frå Dortmund  
**Christa og Lothar Hannuschka**

Omsetjar, foto og nett: Thor Inge Døssland